Generalutskrift 22/2-1961

År 1961 den 18. februar vart det halde møte i Lavik kommunestyre.
Møtet vart halde i kommunehuset.
Møtet var innkalla i samsvar med § 11 i kommunestyrelova

Desse var frå-verande: Olav Myren, Per Myren, Kåre Aven, Gunvor Rå, Karl Hellebö, Martin Hjelmeland, Anders O. Torvund og Anders Avedal.

Margit Bang møtte som varamann for Gunvor Rå.

Ordføraren gav at innkalling av 13. februar 1961.
Ingen hadde merknad å gjere, og ordføraren sa frå at møtet var lovleg sett.

Det vart førehatt:

15/61 Referat:

a. Fylkesmannen si godkjenning og merknader til vedtaka i kommunestyre-møte den 9. januar 1961

b. Brev av 20/1-1961 frå fylkesmannen med godkjenning av trygd for lån til [redacted].

c. Brev av 20/1-1961 frå fylkesmannen med godkjenning av trygd for lån til [redacted].

d. Brev av 21/1-1961 frå fylkesmannen med godkjenning av vedtak i kommunestyremøte den 9. januar om å tilsetja Nils Instefjord som kommunekasserar frå 15. febr. 1961.

e. Årsmelding 1960 av 27/12-1961 frå heradsagronom Stinar Hovland.

f. Årsmelding 1960 av 5/1-1961 frå Lavik edruskapsnemnd.
Det opplesne vart vedlagt møteboka.

16/61 Løna til husmorvikarane.
Utskr. 25/2 husmorvikarnemnda. Utskrift av møteboka til husmorvikarnemnda i møte den 25. januar d.å. vart attgjeven.
Samr. vedtak:
Løna til husmorvikarane vert auka til kr. 550.- pr. månad + fritt hus, lys og brensel.

17/61. Tilsetjing av kontorassistent.
Utskr. 21/2 søkjaren. likningsk. Då søknadsfristen gjekk ut var det innkome søknad frå Leif Norevik.
Samr. vedtak:
Leif Norevik vert tilsett som assistent ved liknings- og kommunekasserarkontoret med løn etter kl. 3 i det kommunale lønsregulativ. Oppseiingstid 3 mnd. for båe partar.
Assistenten må rette seg etter den til kvar tid gjeldande instruks.

18/61 Søknader om skulestipend.
Tilv. 25/2-61 Samr. vedtak:
Av H.K. XIV. A.3 vert løyvt kr. 100.- til kvar av etternemnde: Hallfrid Nyland, Dagfinn Myren, Kjell Rå, Arid Strandos, Liv Førsund, Oddvar Løland, ~~Bjarne~~ Bernt Johan Larsen, Synnøve Bosdal, Atle Grimsoll, Nanni Strandos, Oddvar Råsberg, Øyvind Mjølmesdal, Gunnar Knutsen Espevik,

Asbjørn Lavik, Alvhild Nyland, Hilda Tradal, Signy Tradal og Arvid Norwik.

19/61 Endring av den kommunale pensjonsskipnad.
Serutskr. 20/2 I høve av at samordningslova er gjort gjeldande
K. L. P. for dei kommunale pensjonsordningane vert det turvande med endring i den noverande pensjonsskipnaden.
Samr. vedtak:
Framlegg til endring frå Kommunal Landspensjonskasse vert vedteke. Endringa vert gjort gjeldande frå 1. januar 1961.

20/61 Lån til bygging av tannklinikk.
Serutskr. 21/2 Frå Vadheim Privatbank og Lavik Nye Sparebank har ein
J.mannen fenge lånetilsagn på tilsamen kr. 100.000.- mot pant i nybygget. Rentefoten vert 1% over diskontoen i Norges Bank.
Avdragstida er sett til 15 år med ein femtandepart årleg.
Samr. vedtak:
Lånevilkåra vert vedtekne.

√ 21/60 Søknad om konsesjon for køyring av fiskebilrute.
Serutskr. 20/2 Det føreligg søknad frå R. & J. Haugen om fornying
Fiskeri- av konsesjon for køyring av fiskebilrute.
direkt. Samr. vedtak:
Kommunestyret vil rå til at søknaden vert imøtekomen.

22/61 Arbeidstilbod vedk. ny tannklinikk. Samr. vedtak: Formannskapet får fullmakt til å godta eller vrake tilbod på utskyting og planering av tomten, og eventuell oppføring av grunnmur.

Møtet slutt.
Møteboka opplesen.
Gunnar Laivik

Nils Trotesfjord. Johan Noreviк. 3.